

---

Saksnr: 2020/72391-9  
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2021

## Midlar frå overskotsdisponering 2020

Forslag til vedtak

1. Det vert saman med landbrukspartnerskapen arbeidt vidare med eit Vestlandsprosjekt som skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt. Dei 2,25 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med dette Vestlandsprosjektet, og vert nytta til finansiering av søknader.
2. Det vert arbeidt vidare med å finansiere og iverksetje den forsterka marine innsatsen. Dei 1,75 mill kr som hovudutvalet sette av i sak 67/21 vert brukt i samband med denne innsatsen, og vert nytta til finansiering av søknader.
3. Hovedutval næring viser til fylkestinget si handsaming av årsrekneskap 2020 i juni 2021, PS 30/21, og yter ikkje ytterlegare støtte til «One Ocean - formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass».

Samandrag

Hovudutval for næring hadde oppe ei sak i møte 6.oktober der det vart gjort vedtak om disponering av overskotsmidlar 2020 som hovudutvalet hadde til rådvelde. Vi har i ettertid konstatert at to av vedtakspunkta sin ordlyd ikkje var heilt i tråd med fylkestinget sine føringar for desse midlane. Vi kjem her inn på korleis desse vedtakspunkta kan formulerast for å halde seg innanfor fylkestinget sine føringar. I sak 6.oktober omtalte vi også ein søknad om midlar til One Ocean - tilskot til formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass, og sa at vi kjem nærmare tilbake til denne i ei seinare sak. Denne søknaden vert også omtalt i denne saka.

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

Endre Høgalmen  
seksjonssjef for naturressursar,  
landbruk og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hovudutval for næring har fått stilt til rådvelde 10 mill. kr til søknader innan næring som har kome inn utanom etablerte søknadsordningar. Desse midlane vart sett av i samband med sak om overskotsdisponering 2020 som var oppe i fylkestinget i juni 2021, PS 30/2021. Hovudutval for næring har fullmakt til å forvalte desse midlane.

Vi tek med følgjande frå saksframstillinga til saka som vart behandla av fylkestinget i juni: «Fylkeskommunen har fått inn ei rekkje søknader om tilskot; innan kultur- og næringsfeltet. Dette gjeld søknader utanom dei faste søknadsordningane. Ut frå det store søknadsomfanget, og at fagutvala har best innsikt i kva søknader som bør prioriterast, foreslår fylkesrådmannen at det vert sett av midlar som hovudutvala kan prioritere innanfor. Fylkesrådmannen foreslår å setje av 10 mill. kr til kvart av hovudutval for kultur, idrett og integrering og hovudutval for næring.»

Næringsutvalet disponerte desse midlane gjennom sak 67/21 i møte 6.oktober. I samband med møtet vart det reist spørsmål om tolking av føringar frå fylkestinget i samband med bruken av dei aktuelle midlane. Hovudutvalet valde då å gjere sitt vedtak, mot at ein i ettertid sjekka ut om alle vedtakspunkta er innanfor fylkestinget sine føringar.

Administrasjonen har no gjort ei vurdering, og det er også orientert om dette i notat/referatsak i næringsutvalet 26.oktober. Fylkestinget sine føringar seier at midlane skal nyttast til å finansiere søknader. I følgjande vedtakspunkt går det ikkje fram at midlane skal nyttast til å finansiere søknader

- Vestlandsprosjekt der partnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt - vedtakspunkt 3
- Marin satsing - deler av vedtakspunkt 8

Utan at det går klart fram av vedtaket knyter nok intensjonen bak desse satsingane seg hovudsakleg til finansiering av eigeninitiert innsats der fylkeskommunen og samarbeidspartnerane skal arbeide med verdiskaping innan både marin sektor og innan frukt, bær og grønt. Ut frå dette er ordlyden i dei aktuelle vedtakspunkta då ikkje heilt i tråd med føringane frå fylkestinget.

Som meldt i eit notat/referatsak til hovudutvalet sitt møte 26.oktober kjem vi no tilbake med ei sak til næringsutvalet der ein disponerer dei midlane som er avsett til marin satsing og Vestlandsprosjekt innan frukt, bær og grønt - gjennom vedtakspunkt som har ein ordlyd som er i samsvar med fylkestinget sine føringar.

For ordens skuld syner vi her næringsutvalet sine vedtakspunkt i sak 67/21 i møte 6.oktober 2021, vedtakspunkt 3 og 8:

--

3. Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.

--

8. Dei resterande 1,75 mill. kr vert disponert til marin satsing. Tildeling til Stad skipstunnel vert auka med kr 250.000 frå kr. 500 000 til kr. 750 000.

--

Vedtaks punkt 3 - Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt

Omtale henta frå sak i møte 6.oktober:

- -

Som omtala i kapittel ovanfor der det eit behov for eit stort løft i satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland, og vi tek til orde for at det blir lagt til rette for eit samlande prosjekt for at Vestland skal ta sin del av veksten som er venta i frukt og grønt. Då får vi sett tiltaka samla for heile fylket. Handlingsplan for landbruk i Vestland 2021 slår fast at dersom Vestland fylke skal ta del i denne ambisiøse og nasjonale satsinga og få sin relative del av auken, er det viktig med ein koordinert vekststrategi i fylket.

Den tilrådde løysinga for å løfte frukt og grønt Vestland er å setje av ressursar til eit samlande overbyggane prosjekt med ulike delprosjekt innan til dømes kartlegging av hindringar og moglegheiter for vekst, mobilisering for auka planting, og andre tiltak ei kartlegging identifiserer behov for. Alle tiltak med mål om at Vestland skal halde på posisjonen som leiande på frukt og bær, og sørge for at Vestland tek sin del av den venta veksten i marknaden. I dette prosjektet tenker vi å arbeide tett saman med næringa, Statsforvaltaren og Innovasjon Norge. I møte i landbrukspartnerskapen 14. september vart det delt tankar kring eit slikt Vestlandsprosjekt. Og ei slik satsing må sjåast i samanheng med den temaplanen for landbruk som skal utarbeidast.

Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.

Som det framgår ovanfor har vi ambisjon om å setje i gong eit Vestlandsprosjekt der vi saman med landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt. Vi bør følgjeleg ha midlar til eigeninitiert innsats, slik at vi ikkje deler ut alle midlar som skal gå til denne innsatsen. På den andre sida kan ein arbeide med å skaffe til vege andre midlar til eigeninitiert innsats. Og på det viset halde av dei 2,25 mill kr til tilskotstildeling som er innanfor innsatsområdet. Det beste er då å halde av desse 2,25 mill kr til ein har fått sett i gong eit Vestlandsprosjekt, og så lyse ut midlar som støttar opp under det som ein ønskjer å løfte i eit Vestlandsprosjekt. På det viset kan ein også halde seg innanfor fylkestinget sine føringar.

Vedtakupunkt 8 - ein forsterka marin innsats

Vi har arbeidd med å forme ein forsterka marin innsats med vekt på eit samarbeid der ein skal løyse utfordringar som gjer at ein kan hente endå meir verdiskaping frå havbruk. Dette må i så fall skje på eit berekraftig vis der ein løyser utfordringar som vi no strir med. Vi er då inne på problemstillingar som reduksjon av lakselus, full utnytting av avfallsressursane, null rømming og auka bruk av berekraftig fôr. Og vi er inne på problemstillingar kring god arealplanlegging, ikkje minst sjøarealet. Kort og godt innsats som gjer at vi kjem oss over i grøn sone innan trafikklssystemet. Og vi skjeler elles til fiskerihamner som viktig infrastruktur i sjømatproduksjonen - berekraftig sjømat. Og det handlar om eit godt kunnskapsgrunnlag som grunnlag for gode val, påverknad av rammevilkår frå sentralt hald - og tiltak innan rekruttering og kompetanse.

Fylkeskommunen har søkt Nærings- og fiskeridepartementet om midlar, og vi arbeider elles med å få finansiering på den forsterke marine innsatsen. Vi har pr no ikkje noko finansiering, bortsett frå dei 1,75 mill kr som næringsutvalet sette av i møte 6.oktober.

Med dei store ambisjonane som vi har er det viktig å få finansiert opp den eigeninitierte innsatsen som skal få dette samarbeidet til å fungere. Vi vonar at vi skal lukkast med det. Dei avsette 1,75 mill kr kan gjerne nyttast til finansiering av søknader, som støttar opp under det som vi ønskjer å få til. Ein bør gjerne vente litt med å disponere desse midlane, til ein har fått den forsterke marine innsatsen opp å gå.

One Ocean - tilskot til formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass - Akvariet i Bergen

Bakgrunn

Akvariet i Bergen har søkt om 2 mill kr til formidling av Statsråd Lehmkuhl sin havseglass/jordomsegling.

Vurdering

Søknaden omhandlar ei unik hending, jordomsegling med Statsraad Lehmkuhl, og formidlinga av denne. Initiativet er forankra rundt berekraft og marine og maritime tema. Det er vidare venta at det vert god marknadsføringseffekt for Norge som nasjon og for verksemdar som leverer til ekspedisjonen.

Administrasjonen viser til fylkestinget si handsaming av årsrekneskap 2020 i juni 2021, PS 30/21, der det i vedtaket pkt. 4. vart sagt følgande: *Fylkestinget syner til søknad frå Akvariet om tilskot. Fylkestinget løyver 500 000 i støtte til Akvariet og 500 000 til opplæring for at VGS elevar skal kunna vitja (vilkår om gratis tilgjenge for elevane ved besøk).*

Konklusjon

Det vert ikkje gjeve ytterlegare tilskot til One Ocean - formidling av Statsråd Lehmkuhl si havseglas.

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

Vurderingar og merknader

Økonomi:

Midlar som er stilt til rådvelde gjennom sak i fylkestinget i juni.

Klima:

I samsvar med overordna føringar.

Folkehelse:

I samsvar med overordna føringar.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

I samsvar med overordna føringar.

Avsluttande merknader

Gjennom denne saka har vi hovudsakleg gjort greie for korleis vi kan følgje opp to vedtakspunkt i hovudutvalet sitt møte 6.oktober, slik at vi held oss innanfor fylkestinget sine føringar for dei aktuelle midlane. Og vi har vurdert søknaden om midlar til One Ocean.